



Deloitte AS

Dato: 06.05.2015
Vår ref.: 2014/10498-54
Dykkar ref.:

Partsbrev - Rutinar for tilrettelegging av attestasjonar

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 04.05.2015

Handsaming i møte

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik frå Deloitte gjorde greie for kor langt dei er komne i prosessen med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Deloitte held på å utarbeide eit oversyn over typar attestasjonar og krav til dokumentasjon på dei enkelte områder. Dette arbeidet skal vera ferdig til neste møte i kontrollutvalet og leverast skriftleg til sekretariatet innan 8.6.15.

I samråd med fung. fylkesdirektør Økokonomi, Nils Egil Vetlesand, skal administrasjonen i Hordaland fylkeskommune for sin del vera ferdig med deira del av arbeidet, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Deloitte skal syta for at arbeidet med rutinar for tilrettelegging av attestasjonar er ferdig innan neste møte i kontrollutvalet, med frist for levering av skriftleg sakstfang til sekretariatet 8.6.15.
2. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune skal for sin del vera ferdig med deira del av arbeidet, slik at det kan presenterast i møte i kontrollutvalet 21.9.15.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Fylkesrådmannen
Nils Egil Vetlesand